

Stavanger 02.05.2016

Sogn og Fjordane fylkeskommune,

Askedalen 2,

6863 Leikanger

att: Hovedutval for samferdsle

Drift- og vedlikehold av Fv 553 på Skorpa

Ekstrakostnader og forseinking på grunn av manglande ferjelem i tilknytning til den offentleg kaia på Skorpa.

Som grunneigar på Skorpa vil eg ta opp forhold knytta til kor vanskeleg det er å utføre nødvendig vedlikehaldsarbeid på Fv 553, strekningane Båsunnd-Skorpa og Æsøy bru-Æsøy. Viser konkret til vedlikehaldsarbeid av grøfter og oljegrusdekke som vart gjennomført i vår.

Dette arbeidet var planlagt gjennomført hausten 2015, og materialer til vedlikehald av oljegrusdekket vart teke i land i oktober 2015. På grunn av manglande ferjelem på den eksisterande offentlege kaia måtte oljegrusen leverast i storsekker, sendt med lasteruta.

På grunn av manglande ferjelem kunne heller ikkje Mesta, som har vedlikehaldskontrakten, få på land nødvendig materiell for å gjennomføre arbeida, bilar/utstyr osv, på vanleg måte ved å nytte det offentlege båtutetiltbodet frå Florø til Skorpa. Her er det rutebåtar som tek bilar, men på grunn av manglande ferjelem kan vanleg offentlig båttransport ikkje nyttast. Mesta måtte fylgjeleg leige ekstra privat ferjemateriell til transport, og ilandføring måtte skje på eit tidspunkt der vannstanden stemte med høgda på ferja.

På grunn av manglande ledig privat ferjemateriall kom Mesta ikkje i gang med utbetningsarbeida i oktober 2015. Først etter påske i år vart utbetningsarbeida utførte, om lag eit halvt år forseinka.

På grunn av manglande ferjelem er Mesta påført ekstra kostnader, i tillegg til at utbetningsarbeida vart forseinka. Desse ekstrakostnadane er det naturleg å tru at Mesta har fakturert fylkeskommunen direkte som ein tilleggskostnad til vedlikehaldskontrakten. Alternativt er desse ekstrakostnadane innarbeida i avtalen som Mesta har. Uansett er det Sogn og Fjordane fylkeskommune som til slutt må betale desse ekstrakostnadane.

Dette er kostnader som kunne vore sparde dersom det hadde vore ferjelem i tilknytning til kaia på Skorpa. Det er ekstrakostnader som vil komme jamleg i framtida kvar gong det er

behov for tiltak på fylkesvegen, og som vil auke i takt med at gamle private ferjer etter kvart vil forsvinne.

Det er i seg sjølv eit paradoks at fylket eig ein fylkesveg som bilistar, på grunn av manglande ferjelem på øya, ikkje kan komme til eller frå med vanleg rutegående båttransport.

Håpar at Sogn og Fjordane fylkeskommune, som eigar av Fv 553, kan svare meg på følgjande:

- Kor store ekstrakostnader vart fylkeskommunen påførde i dette konkrete tilfelle som det er referert til
 - Som direkte følgje av transport av materiell og utstyr?
 - Som følgje av forseinka utførelse av arbeida?
- Korleis ser fylkeskommunen på framtidig vedlikehold av Fv 553, og dei utfordringar og ekstra kostnader som ligg i å få gjennomført nødvendige arbeid dersom det ikkje blir bygt ferjelem i tilknytning til den eksisterande offentlege kaia?
- Vil fylkeskommunen bidra til finansiering av bygging av ferjelem i tilknytning til kaia på Skorpa, slik at drift og vedlikehold i framtida kan gjennomførast på ein normal og kostnadseffektiv måte? Dette vil bety direkte økonomiske besparelser for fylkeskommunen i framtida.

Med helsing



Lidvard Skorpa

Oterstien 1

4034 Stavanger

Epost-adresse: lidvard.skorpa@lyse.net